



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	25.02.2013	001/13	SH
Kommunestyret	07.03.2013	014/13	SH

<b>Saksansvarleg:</b> Ståle Hatlelid	<b>Arkiv:</b> L12	<b>Arkivsaknr.:</b>
	<b>Objekt:</b>	13/134 - 1

### Reguleringsplan for mellombels massedeponi og riggplate i grenseområdet mot Stranda kommune - vedtak om oppstart av planarbeid

#### Sakstilfang / Lover / Plandokument

- *Plan- og bygningslova*
- *Forskrift om kart, stadfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister*
- *Forskrift om konsekvensutredninger*
- Fylkestinget i Sogn og Fjordane – planleggingsprogram for fylkesvegnettet 2011-2013, sak 35/10.
- Hornindal kommunestyre – vedtak om forskottering av midlar til reguleringsplan for fylkesveg 60, KS-048/11.
- Hornindal kommunestyre – eigengodkjenning av kommunedelplan for ny fylkesveg 60 – Storebrua v/ Tomasdard til området ved Røyrhusbrua, KS-092/12.
- Eigengodkjent kommunedelplan for ny fylkesveg 60 - Storebrua v/ Tomasdard til området ved Røyrhusbrua, for den del som ligg i Hornindal kommune.
- Hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane – fordeling av planleggingsmidlar - 2013, sak 0006/13.

#### Saka gjeld

I samband med utarbeiding av anbodsdocument for byggjesteg 3 - rassikring Røyr – Hellesylt i Stranda kommune, har det vore intern kontakt i Statens vegvesen mellom Region Vest og Region Midt, om klargjering av evt. deponiområde for sprengstein i grenseområdet mellom Stranda og Hornindal kommune.

#### Bakgrunn

Føremålet med deponiet er å kunne lagre eigna masse til bygging av ny fylkesveg 60 - på strekninga Tomasdard til området ved Røyrhus bru. Mesteparten av parsellen ligg i Hornindal kommune, og politikarane har tidlegare signalisert eit sterkt ynskje om å leggje til rette for raskast mogeleg realisering av den nye fylkesvegen.

Statens vegvesen har målsetjing om å kome i gong med tunellarbeidet på byggjesteg 3 i løpet av hausten 2013, og skal steinmassane kunne lagrast i grenseområdet hastar det å få utarbeidd reguleringsplan for eit deponiområde på ca. 25 daa. Parallelt med denne planen vert det også arbeidd for snarleg oppstart av reguleringsplan for fylkesveg 60 på heile strekninga frå Tomasdard til Røyrhus bru, og seinast i byrjinga av februar 2013 var dette tema på eit møte i Leikanger - mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Statens vegvesen og Hornindal kommune. Under møtet vart kommunen utfordra til å ta initiativ til utarbeiding av reguleringsplan for eit mellombels deponi- og riggområde på Støverstein, og med bakgrunn i dette tok administrasjonen kontakt med grunneigar Jon Ivar Gausemel, og avtalte synfaring i området. Synfaringa vart gjennomført den 06.02.2013, og i tillegg til grunneigaren og kommunen deltok også Statens vegvesen Region Midt og ein representant for «Gode Vegar». Under synfaringa kom det fram at eit område frå grensa og ca. 250 m vestover er godt eigna som mellombels massedeponi og riggområde – med lett tilkomst frå eksisterande fylkesveg. Også grunneigaren aksepterer ei slik løysing. Området er i nord og sør avgrensa av respektive eksisterande, og ny fylkesvegtrasé.

### Tilhøve til overordna arealplanar

I arealdelen til kommuneplanen er det aktuelle området sett av til LNF-område, men seinare er dette innlemma i planområdet for kommunedelplanen for ny fylkesveg 60, etter alternativ 2. Området er såleis omfatta av konsekvensvurderingane som alt er gjort innafor tema landskap, nærmiljø, friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar.

### **Drøfting**

Samfunnsøkonomisk er det god ressursutnytting å kunne bruke sprengstein frå tunellarbeidet på Røyr – Hellesylt til bygging av ny fylkesveg 60. Rett nok er det i denne omgang berre snakk om deponi- og riggområde for steinmassane, men når løvingane er på plass ligg alt godt til rette for å starte vegbygginga – både austover mot Røyrhusbrua, og vestover mot Tomasdard.

Med tanke på planlagt oppstart av byggjesteg 3 Røyr – Hellesylt - hausten 2013 hastar det å kome i gong med reguleringsarbeidet for massedeponiet. Etter rådmannen si vurdering vil planarbeidet kunne gjennomførast med grunnlag i konsekvensutgreiingane for fylkesveg 60, og dette vil forenkle planprosessen vesentleg. I nært samarbeid med Statens vegvesen er det difor realistisk å rekne med eigengodkjenning av planen i løpet av siste kvartal 2013.

### **Økonomiske konsekvensar**

Midlar til utarbeiding av reguleringsplan for fylkesveg 60 ligg inne i planleggingsprogrammet for fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane 2011-2013 – med realisering i 2013. Då planleggingsprogrammet vart vedteke i 2010 hadde kommunen håp om at reguleringsarbeidet kunne kome i gong før 2013, og i kommunestylesak KS-048/11 vart det fatta vedtak om å forskottere planarbeidet med kr. 500.000. Men då arbeidet med kommunedelplanen tok lengre tid enn planlagt har kommunen heller ikkje brukta noko av desse midlane. Seinast på møte i hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane den 14.02.2013, sak 0006/13, vart det gjort endeleg vedtak om å løyva kr. 500.000 til arbeidet med reguleringsplanen for fylkesveg 60. Sjølv om arbeidet blir starta opp i 2013 vil reguleringsplanen neppe bli ferdigstilt inneverande år. Det er difor viktig at arbeidet med reguleringsplan for det aktuelle deponiområdet på Støverstein kan kome i gong snarast mogeleg, og for å få dette til må også kommunen ta noko av kostnadene. Det er ikkje sett av midlar til dette i budsjettet for 2013, men då tidlegare midlar (bruk av disposisjonsfondet) til omtala

forskottering ikkje vil bli nytta, vil rådmannen føreslå at noko av desse midlane kan nyttast til regulering av deponiområdet. Kor store kostnader det er snakk om er vanskeleg å fastslå, men rådmannen vil tru at kommunen sin del neppe vil overskride kr. 200.000. Kostnadene vert å finansiere med bruk av disposisjonsfond.

**Framlegg til vedtak:**

1. I medhald av *PBL* § 12-8 vert det starta opp arbeid med reguleringsplan for mellombels massedeponi og riggområde på eigedomen til Jon Ivar Gausemel på Støverstein.
2. Då det aktuelle planområdet ligg innafor grensene for vedteken kommunedelplan for fylkesveg 60 vil konsekvensutgreiingar frå dette planarbeidet også kunne nyttast som grunnlag for reguleringsplanen for massedeponiet/ riggområdet. Jf. *PBL* kap. 14.
3. Reguleringsarbeidet skal skje i nært samarbeid mellom Statens vegvesen og Hornindal kommune, med målsetjing om eigengodkjenning av planen før tunellarbeidet for byggjesteg 3 Røyr – Hellesylt tek til.
4. Vedtak om oppstart av planarbeidet vert å varsle i samsvar med *PBL* § 12-8.
5. Kommunal del av planleggingsarbeidet vert å finansiere ved bruk av disposisjonsfond – med inntil kr. 200.000.

Brita Sollid /s.  
- rådmann -

**25.02.2013 PLANUTVALET**

**PLAN-001/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Planutvalet rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

**07.03.2013 KOMMUNESTYRET**

**KS-014/13 VEDTAK:**

**Samr.:** Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Særutskrift til:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Jon Ivar Gausemel	Støverstein	6763	HORNINDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat	Region Vest	6801	FØRDE
Reidar Jarle Støverstein	Støverstein	6763	HORNINDAL
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Stranda kommune	Postboks 264	6201	STRANDA
Tor Odd Kjellstadli		6218	HELLESYLT
Trond Tafjord	Støverstein	6763	HORNINDAL

Hornindal, den 11.03.2013

Anne Elin Ekornesvåg  
- Sekretær -